



Profetisk livstil - å vera heilhjarta

Profetiske folk har ein livsstil som er kjennemerka av ei heil og full overgjeving til Herren. Ein profetisk livsstil der det å gjera Guds er det viktigaste. Jesus sa: "Eg er her for å gjera din vilje, Gud." Dette er sjølve kjernen i den profetiske livsstilen. Den har sitt utgangspunkt i Guds rike. Jesus sa òg at vi ikkje kunne tena to herrar. Ingen kan tena både Gud og Mammon.

ERLING THU
erlingthu@gmail.com

SEIA TYDELEG JA OG NEI

Profetane kallar alltid Guds folk tilbake til eit heilhjarta forhold til Gud. Dei kan ikkje tola at folk haltar til begge sider. Gjennom forkynning og handling set dei folk på val. Vi har mange døme på dette i Bibelen. Elia på Karmel fjellet er vel den mest kjende fortellinga om profeten som utfordrar folk til omvendning.¹ Han steig fram for alt folket og sa: «Kor lenge vil de halta til begge sider? Er Herren Gud, så hald dykk til han, og er Ba'al Gud, så hald dykk til han!» Men folket prøvde å oversjå han og ikkje svara han. Dei ville halta til begge sider og ha både Ba'al og Herren, men det kunne dei ikkje. Profeten utfordra dei ved å seia at den guden som svarar med eld, han er Gud. Etterpå demonstrerte han at Herren er den einaste Gud og folket vende om.

EIN TING ER NAUDSYNT

Profetane sin bodskap var: Herrens augo fer utover all jorda, så han med si makt kan hjelpe dei som heilhjarta held seg til han.² Det var slik dei levde sjølv. Dei forstod at å vera heilhjarta var å leva eit heilt og enkelt liv der ein ikkje er delt. Eit reint hjarte er å vilja ein ting. Det er å søkja Guds rike fyrst. Det er å setja Gud og hans interesse fyrst. Dette kjem fram i alle titlane som er brukt om profetane: Guds tenar, Guds mann, Guds profet. Profetane tilhører Gud. Dei er så nært knytt til han at folk møter Gud når dei møter profetane. Dei er folk som søker Guds interesser, folk som vil gjera og fremja Gud vilje i alle ting. Guds rike gjer hjartet heilt for Guds vilje vert det samlande punktet. Faktisk er det slik at om ikkje me set Guds rike fyrst, så søker

me det ikkje i det heile, for Guds rike handlar om Guds styre og Guds vilje.

VERA VELSIGNA GIVARAR

Å vera heil er full fridom frå bindingar til ting: status, ære eller andre menneskelege ting, men å vera eitt med Guds vilje. Å vera heilhjarta er å vera fri frå materialisme, men også fri frå religiøs sjølvplaging. Når me lever heilhjarta og enkelt er me fri frå uro. Då har me kvile i tilliten til Gud og hans omsorg for oss. Då kan me ta imot alt som kjem vår veg som ei gåve frå Gud. Vi veit at Gud tek seg av oss. Vi veit at alt vi eig, er vi berre forvaltarar av. Når vi er forvaltarar forstår vi at det Gud har gjeve oss å ta vare på, må koma fellesskapet og andre menneske til gode. Det er berre det vi investerer i andre som ber frukt. Det vi gøymer mistar vi.

Heilhjarta og gode forvaltarar av Guds gode gåver vil berre bruka pengar på det dei treng, ikkje det som gjev status. Heilhjarta folk viser frå seg alt som kan gjera dei avhengige av ting eller aktivitetar og ikkje Herren. Slike folk gjer det til ein vane å gje bort ting. Dei kvittar seg med ting som får for stor affeksjonsverdi, for at Herren skal vera deira einaste hjartelyst. Dei let seg ikkje påverka av reklame og anna press til å kjøpa ting dei kan klara seg utan. Dei nyt og set pris på ting utan å måtta eiga. Dei har lært å setja pris på skaparverket og ser Guds finger i naturen. Dei veit at dei viktigaste tinga i livet er gratis, slik som rein luft og vatn! Dei kan difor møta alle tilbod med sunn skepsis.

Profetiske folk har smakt dei kreftene som høyrer den komande verda til. Dette gjer at dei arbeider med håp.

SOLDAT, IDRETSMANN OG BONDEN

I brevet sitt til Timoteus skriv apostelen Paulus om å vera heilhjarta. Han bruker tre bilete frå kvardagslivet for å få fram budskapet sin.³ Han startar med soldaten som må vera heilhjarta om han skal lukkast. Han kan ikkje hefta seg med daglege gjeremål. Han må ikkje tillata noko å gjera fokuset uklart. Han må ha eitt fokus. Nemleg å gjera det hærføraren seier. Profetane har eit fokus: Å gjera og seia det Gud vil!

Deretter bruker han idrettsmannen som eit døme. Den som driv med idrett må for det fyrste fylgja reglane for å lukkast. For det andre må han vera fokusert på å vinna og ikkje feka i lause lufta. For det tredje må han nekta seg ting som vil hindra han å vinna. Det inneber at han må vera hard med kroppen og tvinga han til å lystra.⁹ Profetiske folk må vera harde med seg sjølve for å halda fokus på å fullføra tenesta med Guds ord og vinna kransen.

Tilslutt bruker Paulus bonden som eit døme. Bonden som har hatt strevet skal fyrst få av grøda. Det seier meg at det er berre den som veit kva han dyrkar, av di han har smakt det på førehand, som vil vera uthaldande i arbeidet for å få fram grøda. Profetiske folk har

smakt dei kreftene som høyrer den komande verda til. Dette gjer at dei arbeider med håp. Dei har sett noko og smakt noko som er godt, velsigningane i Guds rike der Guds vilje rår. Difor kan dei vera uthaldande og heilhjarta gjennom mange prøvingar og hardt arbeid i ver og vind. Dei har alt smakt av grøda og dei skal vera dei fyrste til å nyta frukta av arbeidet sitt! Å vera heilhjarta for Herren har rik lønn: Eit nært vennskap med Gud og ei veksande openberring!

